



Jnr. 1012.18
GJG/rr

Hordaland fylkeskommune
v/ fylkesordfører Anne Gine Hestetun
Postboks 7900
5020 Bergen

VEDR. REGIONSREFORMA

Syner til møte vårt felles møte 8. desember på Hotel Neptun. På møte vart Samarbeidsrådet utfordra på kva funksjonar regionen eventuelt kunne tenka å få til seg i den nye regionen. Vidare utfordra fylkesordfører på korleis Sunnhordland stilte seg til at det vart lagt funksjonar til Haugalandet, td. i Karmøy eller Haugesund, dersom dei vel å gå over til «Vestland». I møte svarta Samarbeidsrådet at dette ikkje var drøfta i rådet, men at me vil koma attende til dette.

Samarbeidsrådet drøfta saka i møte 2. februar og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

1. Samarbeidsrådet meiner at eit eller fleire av dei tre områda samferdsel, næring og opplæring som er tenkt organisert innan Hordaland distrikt bør leggest til Sunnhordland.
2. Samarbeidsrådet gir arbeidsutvalet mandat til og arbeida fram ein argumentasjon for kva område innan samferdsel, næring og opplæring det er mest naturleg at vert lagt til Sunnhordland.
3. Samarbeidsrådet meiner at ei lokalisering i Sunnhordland og kan vera ei tilrettelegging av funksjonar dersom Rogaland eller delar av Rogaland vert ein del av Vestlandsregionen.
4. Samarbeidsrådet stiller seg positiv til at funksjonar kan leggest på Haugalandet, dersom dei ønskjer å bli ein del av det nye Vestlandet.
5. Samarbeidsrådet ynskjer ein dialog om organisering av næringsarbeidet i det nye "Vestland"

Sunnhordland, 5 februar 2018

Wenche Tislevoll
Styreleiar

Gro Jensen Gjerde
Dagleg leiar